

**Fra:** Grasbakken, Anne Berit <anne.berit.grasbakken@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** 15. november 2023 14:34  
**Til:** Postmottak LMD  
**Kopi:** Tørud, Sissel; Gotehus, Øyvind; Elstrand, Haavard  
**Emne:** Innspel berekraftige matsystem

Hei!

Vi viser til nettartikkel publisert på regjeringen.no den 24. oktober, og kjem med våre innspel:

I Innlandet har vi tatt utgangspunkt i vårt eige fylke og peikar på følgande punkt som viktige for å få eit berekraftig matsystem og for å nå dei nasjonale klimamåla innan 2030:

1. **God agronomi** er eit av dei viktigaste tiltaka for ein klima- og miljøvenleg matproduksjon. God agronomi omfattar ein rekke forhold, bl.a. presis bruk av mineralgjødsel og plantevern, og god utnytting av husdyrgjødsel. God agronomi vil også bidra til god jordhelse, redusert tap av næringsstoff og jord. Vi er avhengige av både god jordhelse og godt jordvern for å sikre grunnlaget for matproduksjon. Arbeid for god dyrehelse/god dyrevelferd, plante helse og omsyn til biologisk mangfald og natur (inkludert reine vassdrag) er i tillegg ein viktig del av måten vi produserer mat på. Tilbod om utdanning og gode fagmiljø er nødvendige tiltak/tilbod for å få til god agronomi. Vi nemner elles at Innlandet har levert søknad til EU Mission Soil Deal om finansiering av eit større jordhelseprosjekt i Innlandet.
2. I Innlandet har vi store utmarksressursar og vi har framleis mange aktive setrer. Å utnytte **fôrressursane i utmarka** er eit viktig bidrag til berekraftig fôrproduksjon, i tillegg til god agronomi jf. punkt 1 over.
3. Berekraft omfattar tre dimensjonar; i) miljø og klima, ii) økonomi og iii) sosiale forhold. For å få til eit berekraftig matsystem, må vi ta omsyn til alle tre dimensjonane. Vi vil understreke at matprodusenten/bonden treng **tilstrekkelege økonomiske rammevilkår** for å drive matproduksjon som del av eit berekraftige matsystem. Det er viktig å tenke berekraft inkludert alle tre dimensjonar i heile verdikjeda for matproduksjon.
4. Noregs bidrag til eit berekraftig matsystem globalt kan vere at vi er mest mogleg **sjølvforsynte** med det vi kan produsere sjølve. Vi nemner at Innlandet sin matproduksjon utgjør om lag 22 % av den norske matproduksjonen medan vi har om lag 7 % av innbuarane i Noreg, og fylket betyr difor mye for sjølvforsyninga i Noreg. Vi kan også produsere meir grønt i Noreg. God sjølvforsyning reduserer behovet for transport, og er dessutan viktig med tanke på beredskap. Vi må ha mindre matsvinn og meir bruk av norsk mat (t.d. i offentlege innkjøp). Innsatsmidlane (bl.a. kraftfôr) bør vere norskprodusert i størst mogleg grad. Sirkulær bruk av ressursar er sjølv sagt i eit berekraftig matsystem.

Lykke til vidare med arbeidet!

Med venleg helsing  
**Anne Berit Grasbakken**  
seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Innlandet

Telefon: 61 26 61 47

Mobil: 45 87 03 32

E-post: [anne.berit.grasbakken@statsforvalteren.no](mailto:anne.berit.grasbakken@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/in](http://www.statsforvaltaren.no/in)